

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.03.2019
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2018**

ARKIVSAK: 2019/5629
STYRESAK: **041/19**

STYREMØTE: **02.04. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta har utarbeidd sin første felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blir lagt fram for styret til orientering.

Fakta

I 2017 mottok dei fire regionale helseføretaka følgjande styringsbodskap:

«Det går fram av Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap at regjeringa forventar at selskap med statleg eigardel arbeider systematisk med sitt samfunnsansvar og er leiande på område. Regjeringa har både generell og meir spesifikke forventningar til selskapa på samfunnsansvarsområdet. Dei spesifikke forventningane er knytte til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon», og med følgjande oppdrag:

«Finne eit hensiktsmessig felles format for dokumentasjon og rapportering av spesialisthelsetenesta sitt arbeid med samfunnsansvar.»

Med samfunnsansvar er meint det ansvar ei verksemd er forventa å ta på seg for menneske, samfunn og miljø ut over det oppdrag som verksemda er gitt, og som er forventa integrert i den daglege drifta.

Kommentarar

Arbeidet med å utarbeide den første versjonen av spesialisthelsetenesta sin felles samfunnsansvarsrapport blei i 2017 lagt til det interregionale samarbeidsutvalet for klima og miljø i spesialisthelsetenesta. Dette utvalet blei etablert frå årsskifte 2016/2017 samstundes som det interregionale klima- og miljøprosjektet blei avslutta. Samarbeidsutvalet blei fram til 31. desember 2018 leia av Helse Vest RHF. Ansvaret er nå overført til Helse Sør-Øst.

Under samarbeidsutvalet blir ulike oppgåver løyst på vegne av fellesskapet. Arbeide med spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2018 har vore leia av Helse Sør-Øst og Helse Midt-Norge. Neste år går oppgåva vidare til Helse Nord.

Helseføretaka i regionane har gjennom regionale miljøfaggrupper og interregionalt miljø- og klimaforum vore involvert i arbeidet med rapporten, og helseføretak har kome med innspel både til innhald og utforming. Det er etablert ein felles webportal for klimaregnskap der lokalt CO2 utslipp blir rapportert.

Rapporten gir eit godt grunnlag for å vise oppfølging av området og gir ein hensiktsmessig dokumentasjon av oppdraget. Det er også positivt for omdømme at spesialisthelsetenesta nå kan leggje fram ein felles rapport for samfunnsansvar, og den viser at det blir samarbeidd om felles utfordringar og at samfunnsansvaret blir tatt på alvor i spesialisthelsetenesta.

Vedlegg: Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2018